

## I Dette skjer

Søndag 27.1.

Suldalosen: Søndagsskule på bedehuset kl. 11.00-12.00.  
MARVIK: Gudsteneste kl. 11.00.  
KULTURHUSET: Kino: De usrlige kl. 17.30, Les Miserables kl. 20.00.  
SULDALSOSEN: Årsmøte i Suldal bedehus kl. 19.00.  
SAND: Årsmøte i Sand bedehus kl. 17.00.

Måndag 28.1.

KJØLVIKSTØLEN: Skytetrening 5.-10. klasse kl. 18.00.  
KJØLVIKSTØLEN: Skytetrening for vakene over 16 år kl. 20.00.  
SAND: Song- og dansekveld på Ryfylkemuseet kl. 18.30.

Tysdag 29.1.

SULDALSOSEN: Gubbe trim i gymsalen på skulen kl. 20.00.  
SAND: Skytetrening i Suldalshallen, ungdom kl. 18.00, vakene kl. 19.00.  
SAND: Sand Pensjonistlag har bading på Ryglatun kl. 12.30-13.30.  
KULTURHUSET: Nyttårskonert med distriktsmusikarane kl. 19.00.  
ERFJORD: Møte på Fjelløta bedehus kl. 19.30. NLM.

Onsdag 30.1.

SULDALSOSEN: Bønnemøte på Suldal bedehus kl. 10.00.  
SULDALSOSEN: Pensjonisttrim på Vinjar skule kl. 14.00-15.00.  
SAND: Barnetrim i Suldalshallen; siste året i barnehagen og 1. klasse kl. 17.00-18.00. 2. og 3. klasse kl. 18.00-19.00.  
SULDALSOSEN: Dametrim, step/styrke, i gymsealen kl. 18.30.  
ERFJORD: Onedageklubb på Betel kl. 17.15.  
SULDALSOSEN: Suldal o-lag, 7. Vinter-karusell ved skulen kl. 18.00.  
SULDALSOSEN: Vinjar pensjonistlag har møte i Banken kl. 18.00.  
ERFJORD: Møte på Fjelløta bedehus kl. 19.30. NLM.  
SAND: Suldal Venstre har årsmøte på kommunehuset kl. 20.00.

## I Omtale



### Song- og dansekveld på Nesasjøhuset

Måndag 28. januar blir det song- og dansekveld på Nesasjøhuset, Ryfylkemuseet. Me møtest til uformell sameing ein times tid først, og dansar med høla i taket halvanna times tid etterpå. Åshild Vetthus leier songen og dansen og Tove Solheim spelar til dans. Me kokar også ein kaffiakkvett og lovar å etella godt med alle som kjem. Og hit kan ein komma utan å vera erfaren songar eller dansar frå før. I danseskita kan ein få instruksjon om ein vil, ein kan dansa i veg til musikken, eller ein kan til og med sitja og sjå og høyra på. Ein kan komma og bli med på berre songen eller berre dansen, eller ein kan vera like lur som Ole Brumm og seia ja takk – begge delar. Dette arrangementet er det første av tre Song- og dansekvelder me arrangerer i vår. Neste mulighet for å møtast blir 19. februar og 20. mars på Nesasjøhuset. Velkomne! Åshild Vetthus, Folkemusikkarkivet for Rogaland, Ryfylkemuseet

## I Omtale



### Pub-kveld på Nesflaten

Laurdag 2. februar inviterer Nesflaten Ungdomslag til eit todelt arrangement der både historikunnskap og musikkglede får rikeleg med næring. Først på programmet står forteljaren Anne Elisebeth Skogen som skal formidle den spanande historia om emigrantekipet Restauration som i 1825 segla ut frå Stavangerhamn med kurs for USA. Ferda innleia ei stor utvandringsbylgje som gjennom 1800-talet førde så mange som 800 000 nordmenn over Atlanteren.

Anne Elisebeth, som er profesjonell forteljar, har nyleg vore på turné i USA og formidla der den dramatiska historia om Restauration til det norskamerikanske miljøet. I Washington hadde ho forteljarførestillinga saman Richard Burgess og ei vokalgruppe frå Fredrikstad. På Nesflaten på laurdag får me høyra om den spesielle rolla suldpølen, Johannes Steine, spela i denne viktige historiske hendinga. Musikkinnslag under forteljarførestillinga sørger denne gongen duoen Burgess & Laurensen for, og det er også dei som står for den andre musikalske delen av arrangementet. Mark Laurensen (29) og Richard Burgess (56) spela saman for første gong på ei brygge på Shetland i 2008. Då var ein flokk måker einaste publikum – men dei var shetlandske måker, som er kjende for å vere krøene på musikk. Om dei er frå kvar sin generasjon og kvar ein ende av Nordjøen, har Mark og Richard mykje sams. Både vake opp eit steinkast frå Nordjøen – Richard heilt i sør i grevskapet Kent, Mark heilt i nord på Shetland. Både har flytta til Noreg – med 35 år i mellom – lært seg norak og blitt ein del av det norske musikkmiljøet. Og ikkje minst, både har sans for musikk med kraftig saltamak.

Føleespelaren Mark Laurensen, som for lengst har gjort suldpøl av seg, er flaska opp med den unike shetlandske folkemusikktradisjonen, med sine drivande rilar, sprøtne jigs og magiske tyarslåttar med umiskjennelig nordisk klang. Han spelar bl.a. i folk-party-bandet Fullsceillidh Spelemannslag, kjent – og fryktat! – på dansetilteilingar både i og utanfor Shetland, og ikkje minst i den populære norskshetlandske trioen Aamos.

Songaren og gitaristen Richard Burgess, busett i Fredrikstad, kan kallast ein veteran i folkemusikkmiljøet etter 35 år som soloartist, konsertarrangør, konferansier og medlem av band som Doggerland og det anglofransk-norske prosjektet Five Men in a Boat. Han har gjort maritime songar til ein spesialitet. Saman presenterer Burgess & Laurensen eit variert program av songar og slåttar, for det meste frå dei britiske øyene. Mandolin og concertina (eit lite trekkepel) bidrar til variasjon i lydbiletet. Dessutan legg dei vekt på å fortelje om musikken sin – og det gjer dei med glimt i auget og på både målformer! Mark Laurensen

### Kundane gav beste karakter

Stig Morten Nerheim (t.v.) og Hans Olav Brustveit, i Sparebanken Vest avdeling Suldal, kan smilla breitt etter at dei andre året på rad er heldra for god personkundeservice. Heile 61 kontor er med der tilfeldig valde kundar er blitt oppringde for å seia si meining om servicen i sin lokalbank.

– Dette er på ein måte vår karakterbok der kundane har gitt oss beste karakter, smiler bankesjefen Brustveit nøgd.

Tekst og foto: Marta-Brit Lunde



## I Gratulerer



3 ÅR

Me gratulerer godguttan vår, Adrian Hoftun Høgeveen, med 3-årsdagen den 28. januar.

Helsing frå Emilie, tante og onkel, tante og onkel i Bergen og mormor og morfar

5 ÅR

Eg vil gratulera den gode guten min, Sondre Elias Midtgård, med 5-årsdagen som var 22. januar.

Stor klem frå mamma

## I Takk

Ei stor takk

Til alle som viste medkjensta med blommar og helsingar og var med og fylgde far vår, Lars Vaage, til grava. Me vil og takka for sere god omsorg og godt stell av far på Vinjarheim og Suldal Sjukeheim. Trygge og gode stadar å vera når ein ikkje klarer alt eivlv lenger.

Sigurd, Ingrid, Mikkel, Kjetil, Rune, Kari og Arild m/fam.

## I Omtale



### Konsert med Distriktsmusikarane og Suldal kammerorkester

På tysdag inviterer distriktsmusikarane til varmende konsert i vinterkulda. Dette blir den første helle konserten for den nye gruppa, som fekk ny besetning i haust og no er ein pianotrio. Dei nye musikarane er Veerle Omer Tiegheem på klaver, og Kjetil Ree-Pedersen på cello. Xenia Berkova spelar fiolin og har vore med i gruppa i fleire år.

Programmet inneheld mellom anna pianotrio nr. 2 av Franz Schubert, med ein svært bersmt langeom 2. sats og Johan Halvorsen sine variasjonar over tema av Händel for fiolin og cello.

I tillegg har musikarane lånt med seg Øystein Otneim Torp til denne konserten. Øystein er bratejiet, han har vore tilsett i Oslo filharmoniske orkester i fleire år og har nyleg busett seg i Sauda. Saman spelar musikarane kvartet av Gustav Mahler.

Suldal kammerorkester blir også med på konserten, og spelar Concerto grosso av Arcangelo Corelli og Tyrkisk marsj av Jean-Baptiste Lully. Velkomne til konsert! Tove Solheim

## HIMMEL & HAV

SOLOPPGANG: 8.59  
SOLNEDGANG: 18.37  
MÅNE I SØR: 23.46

	FLO	FJØRE
20.1	18.21	22.50
27.1	10.54	23.21
28.1	11.28	23.52
20.1	11.59	-
20.1	12.20	0.35
		0.22
		18.52